

PROTOKOLL

| | | | |
|--------------------------|---|-------------------------|--|
| REGIONUTVALG | Vest | | |
| Møtested: | Quality Hotel Bergen Airport, Sandsli | | |
| Dato/tid: | 14. mars 2017 kl. 10.00 | Protokoll: 01/17 | |
| TIL STEDE: | | | |
| Arbeidsutvalget: | Even Øyri, Lidvin Hage, Ragnhild Døving, Reidar Kallestad, Jan Erik Fløtre, Helene S. Bødtker (vara for Jan Roy Eide), Martin Strømøy (vara for Svein Helge Lærdal). | | |
| Regionutvalget: | Lise Elvagjeng, Steinar Schanke, Aud Molvik, Eldrid K Grønsberg, Anders Haugen, Jon O Nummedal, Odd Inge Feidje, Bjarte Myren, Bjarte Nordanger, Erlend B. Fossen (vara for Eli Berge Ness), Jens N Sagevik, Per Magnar Sognnes, Anders Lorentsen (vara for Nils Christian Bjørgo), Anita Sæther, Magnus Andre Sundal, Olav Myrhol, Rune Nordbotten, Ørjan Russenes, Jørgen Wik, Steinar Everbø, Ingolf Folven, Per Gunnar Gillehammer, Øystein Bakke Kongsvik, Kjetil Bakken (vara for Lillian Flø), Odd Bjarne Bjørdal, Magne Riise, Ove Jonny Hånes, Rolf Otto Blindheim, Bastian Weiberg-Aurdal, Knut Ove Myklebust (vara for Per Ivar Skodjereite), Øyvind Heinåli-Karlsen, Lasse Øvstedal, Magne Haug, Rune Nerheim, Erling Lønning, Einar Glette, Solveig Øie, Norleif Fjeldheim, Egil Otto Haakull, Sjur Åkra, Ragnvald Stople, Kjetil Mehl, Audun B. Næss, Arnt Haugsgjerd, Kristoffer Handeland, Trygve Høines, Marit Mathiassen, Frank Kvammen, Atle Mariussen (vara for Asgeir Nøttveit), Jostein H. Hellestveit, Olve Neteland, Gunnvor Halden (vara for Jan Roy Eide), Stein Olav Hauge, Arnt Bakke, Guro Sofie Gjelland, Åsne T. Rødland, Kåre Olai Solheim, Lars Even Brekke, Helge Reisæter, Svein O. Børve, Eivind Myrdal, Hans Arne Breivik, Gerd Karin Njåstad, Vidar Heggheim, Sindre Aasen. | | |
| Valgkomité: | Leif Arne Lirhus, Bente G. Nordanger | | |
| Andre: | Lars Peder Malones | | |
| Forfall: | Lillian Flø, Ola Kongsvik, Maryna Novik, Lars Ove Rimmereid, Eli Berge Ness, Nils Christian Bjørgo, Ove Bruheim, Kåre Honningsvåg, Oddmund Kvalsvik, Maryna Novik, Svein Helge Lærdal, Jonas Vedå, Jan Roy Eide, Asgeir Nøttveit, Per Ivar Skodjereite. | | |
| Konsernstyret: | Robert Søndrål | | |
| Administrasjonen: | Hans Thorn Wittussen, Torgeir Erfjord, Ingvill Jørgensen, | | |
| Referent: | Ingvill Jørgensen | | |
| | | | |

| | |
|---------------|---|
| Sak nr | |
| 1 | <p>Konstituering</p> <p>Even Øyri ønska velkomen. Og refererte til saker som har vore oppe i Arbeidsutvalet og saker som har vore tekne vidare etter RU-møtet i haust.</p> <p>Opprop v/Ingvill Jørgensen 73 med stemmerett – 76 totalt – i tillegg til andre deltakarar i starten av møtet.</p> <p>Innkalling og sakliste godkjend utan merknader</p> <p>To til å skrive under protokoll saman med møteleiar: Solveig Øie og Bjarte Myren.</p> |

| | |
|---|--|
| | |
| 2 | <p>Open post</p> <p>Desse hadde ordet: Magne Haug, Hans Arne Breivik, Magne Riise, Steinar Enebø, Odd Bjarne Bjørdal, Bente G. Nordanger.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Medlemskapitalkontoen – er det mogleg å få ut individuell medlemskapital om ein skal ha store investeringar på garden? Også opp mot om det vert mogleg å gjere dette på ombygging til frittgåande høner? • Egg – Overgang frå miljø og kjedekrava, det har vore gjort marknadsundersøking mot forbrukar og forbrukar hadde lite preferansar på dette, dette er dyrevernarar som står for, kjedene har lite dekning på sine krav ihht forbrukar. Saka bør løftast til politisk nivå. Kravet er ikkje faktabasert. Vi må vise forbrukarar kva landbruket er, stolte bønder som produserer den beste maten. Her må Nortura stå i mot presset. • Forbrukar er viktige – men det er kjedene som må takast omsyn til, og ein visste nok at Aviar ville kome då ein bygde om for 2012? • Utfordring på sau og lam, er ein frå stor sauekrets, skuffa over for lite alvor på overproduksjonen her. Ser berre rå kjøtstykk i nokre få butikkar – her må vi ha produktutvikling på ferdige rettar etc.; gå f. eks. til fagskulane for å få utvikling av produkt. Må sjå på alle moglege måtar til å få kjøtet ut frå lageret, har tru på at Nortura kan gjere noko her, sjølv om eg er skuffa så langt. • Treng å innføre obligatorisk husmorskule for alle damer for å lære å lage mat. Raude og grønne fjøsar – prisforskjell på dyra, er dette gjort noko god utreiing på? • Treng å sende menn på husmorskule, når damene går til militæret. <p>Vedtak: Saka teken til orientering og nokre saker vert teken vidare i AU.</p> |
| 3 | <p>Årsmelding og rekneskap. Robert Søndrål La fram saka. Orienterte om årsmelding og rekneskap, informerte om salsmarknaden og om Jordbruksmeldinga.</p> <p>Oppsummering frå kretsmøterunda. Kretsmøta sine innspel på dei føreslegne vedtektsendringane. Ingvill orienterte om saka. Ingen innspel frå salen.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering. Sakene frå oppsummering vert tekne vidare i Arbeidsutvalet for avklaringar.</p> |
| 4 | <p>Endring av kretsgrenser.</p> <p>a. I kretsmøtet 28.02. i Hornindal gjorde krets 61-Stryn dette vedtaket einstemmig:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 61-Stryn krets vedtek å slå seg saman med 62-Eid, Hornindal frå dags dato. • Val av tillitsvalde vil vere frå ny krets 62-Eid, Hornindal, Stryn. <p>Forslag til vedtak: RU-møtet i Vest 14.03.2017 vedtek å slå saman kretsane 61-stryn og 62-Eid, Hornindal til ein krets – krets 62- Eid, Hornindal, Stryn.</p> <p>b. I kretsmøta 73-Aurland, Lærdal, Årdal 1.03 vart det vedtak om at eigarar frå Gudvangen kan gå over til krets 78-Voss, Vaksdal; og i kretsmøtet Voss, Vaksdal 2.03., vart det vedteke å ynskje dei velkomen frå Gudvangen som vil gå inn i kretsen.</p> <p>Forslag til vedtak: RU-møtet i Vest 14.03.2017 vedtek at dei produsentane som vil gå frå krets 73 til krets 78 kan gjere det. Grensene må justerast etter ynskje frå desse.</p> <p>c.</p> |

| | |
|---|---|
| | <p>I kretsmøtet 74-Bergen og omland vart det gjort vedtak om at Austevoll er velkomen til kretsen, og omvendt vedtak vart gjort i kretsmøtet 88-Ytre Sunnhordland, Austevoll kan gå til Bergen og omland.</p> <p>Forslag til vedtak: Austevoll kommune går ut av krets 88 og inn i krets 74 frå og med kretsmøta 2018.</p> <p>Vedtak: Alle forslaga til vedtak i saka vedtekne einstemmig.</p> |
| 5 | <p>Nortura treng å auke verdiskapinga/foredlingsgraden per slakt – korleis få det til Hans Thorn Wittussen, visekonsernsjef, la fram saka. Orienterte om marknad og reklame, nye og fleire salskanalar, nye måtar for prising og bestilling, om kva som skjer på daglegvaremarknaden i tillegg. Digitale kanalar for større sal. Om korleis få større sal på merkevarene, og ymse løysingar for sal av produkt på ymse tidspunkt, konsept, preferansar, og kva tid forbrukar vil handle kva varer.</p> <p>Innspel frå salen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Innspel på at Gilde vert brukt feil i butikk – kva gjer vi då? <p>Svar: Ta bilete og send til Organisasjonsleiar med namn på deg, butikk, kjede og stad.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva gjer Nortura for å få ned kasting av mat? Kva med merkinga av maten? Godt etter i staden for Best før? • Nisje – vert vi som ikkje er med hengande etter? Kva med prisen til oss andre? • Svenske kjøtbollar når det er norsk kjøt! Kvifor? <p>Hans Thorn Wittussen svarte på innspela.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering.</p> |
| 6 | <p>Kort orientering frå sentral Valkomit . Medlem i valkomiteen, Reidar Kallestad, orienterte. Skryt til RU-Vest for mange innspel til valkomiteen.</p> <p>Vedtak: saka teken til orientering</p> |
| 7 | <p>Orientering frå tilførsel – v/Torgeir Erfjord</p> <p>Kjekt å vere i Nortura no, god stemning over alt, ogs  godt for alle som har vore ute i kretsmøta frå administrasjonen.</p> <p>Torgeir svarta p  sp rsm l som var kome opp p  f rehand:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Svar p  sp rsm l om plast – lite eller minkande mengd plast i dyra no over heile RU-Vest. • Etterbetaling p  geit/kje – det vert etterbetaling p  1,2%. • Info om tilbod i medlemsbutikken – no kan du f  dette p  face book, etterkvart p  alle medlemsbutikkane. <p>Desse hadde ordet:</p> <p>Stein Olav Hauge,</p> <ul style="list-style-type: none"> • M  vere ute p  bes k til alle nye brukarar. <p>Vedtak: Saka teken til orientering</p> |
| 8 | <p>Rapport fr  arbeidet i regionen Even  yri</p> <p>Det var kort informert om arbeidet i AU under sak 1.</p> <p>Nye brukarar:</p> <p>Fekk klar melding p  haustm tet om betre oppf lging p  nye medlemar, og har no gjort eit arbeid p  dette ut mot kretsane. Lister fr  tilførsel er sendt ut, har ikkje klart resultat av arbeidet enno, men har starta med   skaffe oss oversikt over dei nye brukarane.</p> <p>Kvart  r i januar og februar skal AU-medlemane ta kontakt ut mot kretsane for   f  til oppf lging mot nye brukarar – f  til fyrstelinjekontakt.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er det rutinar p  medlemslister til tillitsvalde? (Svar: send melding til organisasjonsleiar s  vil det verte sendt ut liste) |

| | |
|----------|---|
| | <ul style="list-style-type: none"> • Vil kretsleiarane få informasjon om aktivitet mot- /kontakt med enkeltbrukarar i sin krets? (Svar: det er planen.) <p>Vedtak: Saka teken til orientering.</p> |
| 9 | <p>Val Leiar i Regional Valkomit , Marit Mathiassen la fram innstillinga.</p> <p>Det var 73 i salen med stemmerett ved starten av valet.</p> <p>Leiar i RU for 1  r – Even  yri – 65 stemmer – 1 blank - Attval Nestleiar i RU for 1  r – Lidvin Hage – 67 stemmer - Attval</p> <p>Medlemar i AU for 2  r: Storfe – Jan Erik Fl tre - Attval Sm fe – Reidar Kallestad - Attval</p> <p>Alle valde med akklamasjon</p> <p>Vara til AU for 1  r: Storfe – Magne Riise – Ny Sm fe – Odd Bjarne Bj rdal – Attval Egg – Helene S. B dtker – Attval Kylling – Martin Str m y - Attval Gris – Lars Peder Malones - Attval Alle valde med akklamasjon</p> <p> rsm te-utsendingar for 2  r: Eldrid Gr nsberg – Attval Sjur  kra – Attval Helene Sejersted B dtker – Attval Magne Riise - Ny</p> <p>Alle valde med akklamasjon.</p> <p>Vara for  rsm teutsendingane for 1  r: 1.vara – Per Gunnar Gilleshammer – Opp 2.vara – Solveig  ie - Opp 3.vara – Lasse  vstedal - Ny 4.vara – Erling L nning - Ned 5.vara – Magne Haug – Attval 6.vara – Lise Elvagjeng - Ny 7.vara – Kjell Aase – Attval</p> <p>Alle valde med akklamasjon.</p> <p>Medlemar i Regional Valkomite for 2  r:</p> <p>Marit Mathiassen– Attval Ove Jonny H nes – Ny Valde med akklamasjon</p> <p>Leiar i Regional valkomite for 1  r: Marit Mathiassen - Attval Nestleiar i Regional valkomite for 1  r: Leif Arne Lirhus - Ny</p> <p>Valde med akklamasjon</p> |

| | |
|----|--|
| | <p>Vara til regional valkomite for 1 år: 1.vara - Kjetil Mehl - Attval 2.vara – Per Gunnar Gilleshammer – Attval 3.vara – Trygve Høines – Attval Valde med akklamasjon.</p> <p>Ekstra vara til AU-storfe om Jan Erik Fløtre vert vald inn i konsernstyret– Eivind Myrdal – for 1 år. Vald med akklamasjon.</p> |
| 10 | <p>Info frå fagutvala Helene orienterte om egg. Krav frå kjedene at ein skal ha overgang til frittgåande høner i løpet av 2 år. Dette er en utfordring. Men om ein må bygge, så bør vi denne gangen gjere dette skikkeleg.</p> <p>Ragnhild om gris – Effektivitetsauke i svineproduksjonen er svært stor, her er utfordringar som: MRSA – dette må vi ha fokus på, både på utgiftene og korleis handtere. Kastrering av gris og vaksiner, dette er det arbeidd mykje med og håper på å få til differensiering i råvarestraumen. Eingongspurker og kva Nortura meiner om dette? Dette må gåast igjennom, men det er smothol i regelverket, og vert sak i fagutvalet framover.</p> <p>Reidar om småfe – fullt puljetillegg på 126 dyr, når bilen tek 130. Då er det full bil og fullt tillegg. Priser på geit/kje – dette vert teke vidare. Fagutvalet – overskotssituasjonen på lam er den store saka, utfordringa er nedgang i industriisalet. Det er telt 30000 fleire dyr ved årsskiftet – uvisst kor mange som vert slakta av disse, kanskje no 1 % større produksjon enn før, men fosterteljing viser litt færre lam. Innmarksbeite er like viktig som utmarksbeite når det gjeld beitetilskot. Og dette er spelt inn til uttale til jordbruksforhandlingane. Friske midlar kan verte problem. Minstevekt på kje-slakt bør vere 5 kg., etter uttale frå næringa.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bør vi ikkje få friske midlar i eit valår? Vi treng å få meir midlar til beite, og det er viktig at Nortura ikkje har ei pessimistisk haldning. • <p>Jan Erik på storfe – Har også jobba med innspel til jordbruksforhandlingane. Innspel på at vi treng auke på amme-ku i gras-områda og dermed distriktsprofil. Kvalitetstilskôtet med ny grense for høg betaling på storfeslakt. Mykje klaging spesielt på denne saka, mykje støy når det vert hevda at andre klassifiserer betre. Men det kan verte feil; det er auget som ser som avgjer klasse.</p> <p>Stor import også av ku til lav pris, skjerebedriftene konkurrerer om dette på grunn av pris-differanse i marknaden, så vi har problem med å få selt deler av det norske storfeet – treng å tette hòlet i importen på kuslakt.</p> <p>Teljedatoar – utfordringane vert store her. For mykje feite storfe i dag med store dyr fåor å oppnå O+, men feitt er utgifter og ikkje bra for næringa økonomisk. Viktig å oppretthalde marknadsreguleringa.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering.</p> |
| 11 | <p>Open post Desse hadde ordet: Atle Mariussen, Helene S. Bødtker, Bjarte Nordanger, Rune Nordbotten, Norleif Fjeldheim, Bjarte Myren, Erlend B. Fossen, Steinar Schanke, Øyvind Heinåli-Karlsen, Jens Sagevik, Egil Otto Håkull, Magne Riise.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vil skryte av utviklinga i selskapet, men treng å få STORT fokus på at Gilde-merket er norsk. • Egg og moglege omstillingsmidlar – dette er betre enn høgare pris som kan utløyse bygging som vi ikkje treng. Skryt til møtet. |

| | |
|----|---|
| | <ul style="list-style-type: none"> • Distribusjon – kanskje bør ein ha samarbeid på fleire stader. Og dyrevelferd er viktig. • Egg-pris – frittgåande har en krone meir, men har utgifter på 1,70. Treng høgare pris her. • Gjer Nortura noko for å bremse EMV-produksjonen – treng å få fram att Vestlandsskinka, som eg saknar. Treng oversikt på produkt som finnast i marknaden, som eigarane kan sjå og vite kva som er. • Eingongspurker – dette må gjerast noko med. Må finne ein anna måte å telje dyr på. Innspel til jordbruksforhandlingane – her burde det vore innspel på investeringsfond. Dette vil ikkje utløyse midlar, er det berre utsett skattefordel som vil rame staten. Kva med utviklinga på slakt på Gilde? Lidl på nettet – har vi ein strategi her? • Lite tid til spørsmål og kommentarar i dag. 1 eller 2 dagars møte; treng uansett tid til spørsmål og kommentarar til kvart enkelt innlegg. Vi er heldige som kjem frå Vestlandet - kanskje gjeld det grisen òg: (Heldiggris frå Vestlandet.) At Nortura satsar på kjøttfritt kan vere med å bygge eit godt omdøme i delar av folket der vi elles ikkje har det. • Om livdyr og oppdatert side på nettet – dette må gjerast betre. Må ikkje få overproduksjon på amme-ku slik som på småfe. Kvalitetstillegg på småfe bør sjåast på. Bruke ressursar på dei medlemmane ein har. Kasting av mat bør vi unngå og innpakningar bør kunne resirkulerast. • Avtale med Prima på Angus – kva er dette? Urfe – kva skjer her? • Treng to-dagars RU-møte! • Om eit av RU-møta skal vere på ein dag, vil det vere betre å ha dette om hausten enn om våren. (Svar: Ikkje enkelt, då det er fleire obligatoriske emne på saklista om hausten) • Kan vi som bor langt borte frå medlemsbutikken, få vi fordeler ved kjøp av varer og utsending av desse? • Svært lav pris på geitekjøt – vert dette brukt i fårepølser, kvifor svært høg pris i butikk på dette når prisen til bonde er svært lav? • Miljøfôr – vert dette brukt på Austlandet? Eingongspurker - dette må det gjerast noko med. Feil å kaste eit slakt - halte grisar kan ikkje sendast på bilen. Etisk forkasteleg. Konkurrent vil ha meir slakt, bør vi få info opp på medlemssidene at vi har kjøt å selje slik at bonden veit dette? • Ombygging til frittgåande – her er det mogleg å tenkje økologisk. • Vidare diskusjon på eingongspurker. • Avkastning av Prima-kjøpet? <p>Torgeir, Robert og Hans svarte ut innspel og spørsmål.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering og arbeid vidare med i AU.</p> |
| 12 | <p>Avslutning og avtakking.</p> <p>Even Øyri takka av Robert Søndrål som ansvarleg styremedlem for RU-Vest med blomar. Og blomar til Lidvin Hage, nestleiar i RU, med gratulasjonar for overstått 60-årsdag. Det har i tillegg vore sendt blomar til Svein Helge Lærdal, med helsing frå RU-møtet i dag.</p> <p>Kort evaluering: Kanskje utvide møtet i timar for å behalde ein dags møte.</p> |
| | <p>Møtet slutt</p> |

Solveig Øie (s) Bjarte Myren (s) Even Øyri (s)